

RANDEBERG

Gnr 51

Adelsætt og høvdingsæte.

I mellomaldersk tid var Randeborg på mange vis den mest sentrale garden i soknet, ikkje av di det stod kyrkje og budde prest her, men av di det var her den eine adelsætta i bygda heldt til. Venteleg var det strategiske årsaker til at garden vart eit høvdingsæte. Her var det kort avstand til sjøen, både i aust og vest, og utsikt frå Karmøy til Jærens Rev og over dei sentrale og søre delane av Boknafjorden.

Bygda har fått namn etter garden

Folk budde på Randeborg lenge før mellomalderen, seinast kring 300-talet var det gardsbusetnad her. Venteleg var det då to tun, eitt under Randabergfjellet og eitt under Kodleberget. Bygda har fått namn etter garden. Alt på 1200-talet finn ein soknet skrive som "Randabergh" og "Randabergi".



Mange gravhaugar

På garden er det funne mange gravhaugar. Det rikaste funnet er gjort i Mekjarhaugen, eit av dei seks største funna i bygda. Det er funne eit tveegga sverd frå vikingtida, og ein to meter brei trelagd veg som strekte seg frå Randabergstraen mot det gamle tunet. Garden var tidleg stormannsæte. På 1100-talet veit me at Jon Torbergsson og Ragnhild Erlingsdotter rådde her, dei var truleg etterkomarar etter adelslekta Arnung.


Ei gamal segn fortel at det på Randabergfjellet budde ei prinsesse som reid på ein kvit hest. Prinsessekjelda rett ovanom det gamle tunet fekk namn etter henne fordi ho brunna hesten sin der.

Strategisk stad

Randabergfjellet har også i nyare tid vore ein strategisk stad. Under første verdskrigen var det signalstasjon og nøytralitesvakter her. Under andre verdskrigen okkuperte tyskarane området og bygde eit forsvarsanlegg. Etter krigen overtok Forsvaret anlegget og flyvåpenet etablerte seg. Den kjente "Randabergkula" var radaren som viste lang veg og blei eit kjennemerke. Seinare flytte HV-08 inn og hadde verksemd her, til kommunen overtok store deler av anlegget som friområde i 2006. Anlegget som hadde vore stengt for ålmenta vart no opna, og er i dag tilrettelagt som friområde og eit flott utsiktspunkt.



Bumerker tilhøyrande garden Randeborg



**Randaberg
kommune**